

Guddal grendelag si høyringsfråsegn til forslag til nasjonal ramme for vindkraft

Guddal grendelag har i grendemøte 19.09.2019 vedteke å gå imot all form for vindkraftutbygging i sitt område.

Guddal 30.09.2019

Arild Yndestad

- Leiar Guddal grendelag

Flekk- og Guddalsvassdraget (FGV) er verna

- FGV er verna i Samla plan for vassdrag.
- FGV er nasjonalt typevassdrag p.g.a. sin eigenart.
- FGV er nasjonalt Referansevassdrag i høve til liknande vassdrag.
- Streng restriksjonar på inngrep for dei som eig FGV.
- Høgfjellsnaturen er urørd utan tekniske inngrep.

Grunngjeving:

- Vindkraftanlegg er særs konfliktfullt i våre område.
- Vi er samd med eit samsrøystes kommunestyre i Fjaler, som seier at områda ikkje er eigna for vindkraftutbygging.
- Guddal og heile Fjaler kommune, må difor takast ut av nasjonal ramme for vindkraft.

Faktagrunnlaget:

Eit kjerneområde for kultivering, kalking og sportsfiske i Fjaler kommune !



Stor kalkingsaktivitet i utbyggingsområdet

- Fjellområda rundt Guddalen har hatt gode fiskevatn.
- På 1990-talet vart det sett i gong stor kalkingsaktivitet for å redde fisken frå forsuringsdauden.
- Storsamfunnet har brukt store summar på kalking i fjellområda i og rundt Flekke- og Guddalsvassdraget.
- Guddalsområdet på begge sider er det mest kalka området i Sogn og Fjordane
- 8 vatn er kalka i området, fleire i randsona rundt Taket
- Øyvatna, Storevatnet Sør og Langevatnet på sørsida av dalen er kalka.

Kalking og kultivering, tilrettelegging for reiseliv, sportsfiske og rekreasjon

Dei fleste vatna som er kalka, har enten fått tilrettelagt for betre gyting eller der er sett ut yngel.



Samarbeidet mellom det offentlege og grunneigarar har gjeve gode resultat

Det er utført eit stort dugnadsarbeid for å ta vare på fjellvatna i området. Bruk av området til jakt, fiske og friluftsliv betyr mykje for trivsel og folkehelse.



Laksefiske

Flekkе- og Guddalsvassdraget med nedslagsfelt er einaste fullkalka vassdraget i Sogn og Fjordane fylke



Fjaler sine siste større, samanhengande INON - område

- Sør, nord og aust for Flekke- og Guddalsvassdraget ligg det naturområde utan større tekniske inngrep.
- Inngrepsfrie naturområde (INON – område) i Fjaler, heng saman med INON – område i Gaular, Hyllestad og Høyanger
- Desse områda vil vi ta vare på



Kjelde: Miljødirektoratet


Oslo-folk har Nordmarka

Vi har Taket, Styggeheia, Høgevarde, Langevatnet, og mange andre område som er tilrettelagde for enkelt friluftsliv sommar og vinter.



Godt utbygt turnett og merka turløyper i området

Taket er eit knutepunkt for eit stort løypenett i Fjaler kommune.



Største turområde i Fjaler



Elevar ved Guddal skule merker stien til Taket



Elevar frå Guddal bruker utmarka

- Elevar frå Guddal skule har vore med å merke stiar i det aktuelle området.
- Guddal skule har teke over 1500 vassprøver for å dokumentere behovet for kalkingsmidlar
- Elevar frå Guddal skule har vore med å registrert kulturminne i det aktuelle området:
 - Mellom anna gamle steinhytter som gjetarane brukte
 - Berre rundt Taket og Vardevatnet finst det 5 slike

Langevatnet

Merka sti til Langevatnet, eit kalka vatn med gode fiskemogleikar.



Rekeskaret. Heileberget og Kringla i bakgrunnen



Langevatnet

Gjetarbu ved Langevatnet



Gjetarbuene vert
brukt heile året i
samband med tilsyn
av dyr, jakt, fiske og
friluftsliv i området



Viktig turområde for Fjaler, Hyllestad og Høyanger

Naturområda sør for Flekke- og Guddalsvassdraget er viktige friluftsområde for Fjaler, Hyllestad og Høyanger

Sti frå Langevatnet til Høgenova, Blåfjell og Robba (Hyllestad)



Lihesten i bakgrunnen



Jakt som friluftsliv !



Hjortejakta i området er viktig som friluftsliv, matauk og næring



Rypejakt i høgfjellet. Biletet til venstre er henta frå jaktområda rundt Taket

Gode mogleikar for unike naturopplevingar i heile fjellheimen vår

Vi har kort veg til urørd natur. Det er dette som gjev bulyst i Guddal



Plante, fugle – og dyrelivet er lite undersøkt

I fjellområda har vi mellom anna ørn, hønsehauk og ryper som er raudlista. Sidan området ikkje er kartlagt, er det knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging.



Gode beiteressursar i Guddal

- Beiteressursane i Guddal er særs gode.
- Det er høge lammevekker og lite tap av husdyr på utmarksbeite



Storfe på utmarksbeite ved Slettheia.
Hovlandsdalsvatnet midt i bildet.

Beiteressursane er grunnlaget for at landbruket i Guddal kan fortsetje i framtida

Landbruket er bærebjelken for busetjing og næring i lokalsamfunnet.



Gurine kjøler seg ned i Espenestjørna ved Espenesstøylen.

Viktige beiteområde for 4 kommunar

Utmarksbeita sør for Flekke- og Guddalsvassdraget er viktige beiteområde for kommunane Fjaler, Hyllestad og Høyanger

Utmarksbeita nord for Flekke- og Guddalsvassdraget er viktige beiteområde for kommunane Fjaler og Gaular

Vi har ingen alternative beiteområde



Sauer på fjellbeite.

Kulturminne i Guddals-området

- Gamle gjetarhytter bygde i stein i høgfjellet
- Restar av gråsteinsmurte fjøsar i fjellet
- Gamle setervollar med grunnmurar frå stølar
- Reveomnar som vitnar om tidlegare fangsmetodar
- Kvilesteinar
- Vardar i fjellområda
- Området har stølar og gjetarhytter som er godt vedlikeheldne og i regelmessig bruk av grunneigarane.

Steinhytta ved Vardevatnet sør for Taket



Husekleppstølen sør for Taket

Husekleppstølen er snart fullrestaurert og skal brukast i samband med jakt, fiske og friluftsliv i området.



Steinfjøs ved Vardevatnet



Bygd med handemakt 580 moh.

Steinfjøs ved Hovlandsdalsstøylen



Bygd med handemakt 500 moh.

Steinbu på Fjellet



Bu som vart brukt for å
gjete for varg (ulv) for
om lag 100 år sidan

Reveomn på Støylen



Intakt reveomn som
vart brukt for å fange
rev

Kulturminne – elevar i gammel steinhytte



Elevar på kulturminneregistrering sør for Taket



Naturområde vi vil ta vare på

- Naturområda og nærleik til urørt natur, er ein viktig grunn til at innbyggjarane har valgt å busetje seg i Guddal, og at unge vel å flytte heim etter ferdig utdanning.
- Topografien i fjellområda våre er ujamn med store høgdeskilnadar.
- Vindkraftanlegg vil krevje voldsame terrenginngrep som vegar, skjæringar og fyllingar. Dette vil det ikkje vere mogleg å dekke til, sidan det er lite lausmassar i fjellet. Naturområda etter eventuelt vindkraftanlegg vert dermed sterkt redusert.

Støy og infralyd frå vindkraftverk er lite undersøkt

- Støy frå vindkraft er dårleg vitenskapleg undersøkt i Noreg. Støysjenanse kan vere større i vindkraftanlegg med komplekst terreng, enn i flatare landskap jf. rapport nr 13 – 2017, utgitt av NVE.
- I våre område har vi ingen bakgrunnstøy som kan skjule støy frå vindkraftanlegg.
- Effekten av støy og infralyd på helsa til dyr og menneske er lite undersøkt.
- Områda nord og sør for Flekke- og Guddalsvassdraget er lagt inn i forslag til nasjonal ramme for vindkraft. Dersom dette vert realisert, vil fleire grender i Guddal verte omringa av vindkraftanlegg. Vindkraftverk vil vere både synleg og lage støy. I tillegg vert naturområda redusert, som følgje av dei store terrenginngrepa som vindkraft vil innebære i kupert terreng. Resultatet av dette vil truleg verte redusert bulyst i Guddal.

Vi lånar naturen frå framtidige generasjonar.

Vi har ikkje rett til å øydelegge urørt natur



Demokratiet må gjelde

NVE peika ut våre område 1. april 2019 i forslag til Nasjonal ramme for vindkraft. Grunneigarar i Guddal vart allereie i brev datert 10. april 2019 kontakta av utbyggarselskapet Zephyr. Før høyringsfristen er ute, prøver dermed Zephyr å få grunneigarar til å signere avtalar. Dei tilbyr mellom anna varmetove og pengar til grunneigarar. Vi er kritiske til at dei prøver å omgå demokratiske prosessar.

Vi ber om at demokratiske prosessar vert fulgt. Høyringssvaret vårt er at Guddal ikkje er eigna for vindkraft. Kommunestyret i Fjaler har samrøystes vedteke at områda i Fjaler ikkje er eigna for vindkraft, og at områda må takast ut av nasjonal ramme for vindkraft. Vi forventar å verte høyrde når vi, som lokalsamfunn og kommunen, seier at områda våre ikkje er eigna for vindkraft.

Konklusjon/oppsummering:

Området bør takast ut av rammeplan for vindkraft:

1. Utbygging er i sterk konflikt med gjeldande, offentleg vernegrunnlag.
2. Storsamfunnet og grunneigarane si satsing på friluftsliv for folk flest, vert sterkt skadelidande.
3. Området har gode kvalitetar for jakt, fiske og friluftsliv i urørd natur
4. Området representerer unike naturkvalitetar som storsamfunnet treng i framtida.
5. Beiteressursane i Guddal er gode, og er grunnlaget for landbruksdrift og busetjing.
6. Nærleik til naturen slik den er i dag gjev bulyst i Guddal. Slik vil vi at det skal vere i framtida også.